

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FE - 231	14/1146

Saknr	Utval	Type	Dato
118/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014
085/2014	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Kommunale gebyr for 2015 - Masfjorden kommune

Vedlegg:

Gebyr_Samanlikning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2015 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,
Matrikkelova,
Lov om seksjonering,
Jordlov og konsesjonslov

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte meir normalisert i høve til nabokommunane. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Fakta

Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at kommunen har relativt få søknade – og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt.

Vurdering

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor urealistisk i Masfjorden kommune - isolert på grunn av liten saksmengde. Betalingssatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbara konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera dramatiske – og i tillegg vera godt kjent (evt. marknadsført).

Konklusjon

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 118/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet ber om å få vurdert konsekvensar av framlegget til Venstre på justert gebyrregulativ.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2015 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,
Matrikkellova,
Lov om seksjonering,
Jordlov og konsesjonslov

11.12.2014 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

KS - 084/2014 VEDTAK:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2015 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,
Matrikkellova,
Lov om seksjonering,
Jordlov og konsesjonslov

